

**Fra:** Åsmund Birkeland (birkeland96@hotmail.com)

**Sendt:** 16.04.2021 11:37:51

**Til:** Vestland fylkeskommune; Masfjorden kommune; Sara Nordahl

**Kopi:**

**Emne:** Vs: Utvida bruk av avkøyrslø

**Vedlegg:** Svar - orientering om saksgang for søknad om utvida bruk av avkøyrslø - gnr 1 bnr 1 - fv 570

Fensfjordvegen - Masfjorden kommune.pdf;Masfjorden kommune arealplan utsnitt for Ytre

Haugsdal.pdf;Masfjorden kommune 2018-2030 foresegner.pdf

Sendt fra min Huawei-mobiltelefon

Hei,

Viser til svarbrevet ditt frå 17.mars på søknad om utvida bruk av avkøyrslø på Fv-570.

I mail 23. mars ga vi svar på dei spørsmål som du stilte, og som kunne tyde på at 2 saker var blanda saman.

For ordens skuld vil eg presisere at avkøyrslø eg søker utvida bruk på er knytt til gnr. 1, bnr. 8

Haugsdalsbakken og gnr.1, bnr. 4. Stegebotten.

Tomten som eg skal frådele til bustad er på gnr.1, bnr. 1, og det er gitt veirett over bruk nr.4.

Vidare forstår eg det slik etter å ha snakka med grunneigar på bnr.4, John Torsvik som eg har bedt bistå meg i denne saka

at det må avklarast om det må dispensasjon frå LNF føremål slik det står i svarbrevet før det kan gjevast utvida løyve til å bruke vegen?

Min kommentar til det er at arealet eg skal frådele til bustad er innafor LNF-kan areal, i dette tilfellet nr.

22 Stigebotn der det kan frådelast 3 tomter utan dispensasjon i planperioden.

Tomten min er etter det eg veit den første i så fall.

Legg også ved utsnitt frå arealplankart for Ytre Haugsdal samt utklipp frå foresegner under her:

I foresegner s. 22 heiter det:

5.2.2 Område for spreidd bustadbygging (LNF-kan), plan- og bygningslova § 11-7 nr 5 b Føremålet gjeld bustadbygging med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering. Det skal ikkje byggast på dyrka eller dyrkbar mark. Frådelingar eller byggeløyve, samt bustader med tilkomstveg, må ikkje plasserast slik at dei fører til ulemper for landbruksdrifta eller annan næring, samt auka trafikk gjennom gardstun. Bustadhus og tomter må plasserast min 100 meter frå næraste driftsbygning. Dette gjeld driftsbygning i tradisjonell drift som kan gje lukt- eller støyplager. Vegframføring skal så framtmogleg ikkje leggjast på dyrka eller dyrkbar mark.

I foresegner s. 23 heiter det:

I tabellen nedunder er maksimum bustadeiningar i planperioden vist i kolonna bak kvart av områda.

**LNF-område der spreidd bustadbygging er tillate:**

21 - Ytre Haugsdal 3

22 – Stigebotn 3

Eg håper Fylkeskommunen er samd med mine synspunkt, og håper de snarast kan sende ei avklaring om utvida bruk av avkjøringa slik at frådelling avtomt og byggesak kan iverksetjast.

På førehand takk!

Med helsing

Åsmund Johnsen Birkeland

Ytre Haugsdal 19

5986 Hosteland

Mob. 90292428